

# **Skrivegruppa for PhD-kandidatar under biomaterialparaplyen**

Paul Johan Høl, Postdoc. ved Ortopediske biomaterialer, Helse Vest og førsteamanuensis II ved Institutt for kirurgiske fag - Det medisinske fakultet, UiB.

Tekstskriving på PhD-studiet er ofte ein einsam prosess. Det er stort sett berre veiledarane og reviewarane i tidsskriftene som får lese tekstanne før dei kjem på trykk og vert offentleggjorde. Ei skrivegruppe skal vere til hjelp for medlemmene i skriveprosessen, slik at kvart medlem skriv betre og meir regelmessig. I det påfylgjande vil eg fortelje om bakgrunnen for etableringa av skrivegruppa, eg vil gå igjennom det praktiske og teoretiske opplegget og resultatet av ein kasusstudie vil bli presentert. Kasusstudien undersøkjer deltakarane sine erfaringar med skrivegruppa og viser eit eksempel på forbetring av ein tekst basert på respons frå skrivegruppa.

## **Bakgrunn for etableringa av skrivegruppa**

Skriving er ein aktivitet som inngår på alle undervisningsnivå frå grunnskule til høgare utdanning. Likevel er det lite diskusjon i høgare utdanning om korleis vi kan hjelpe studentane våre til å bli betre skribentar<sup>1</sup>.

Skrivegruppa vart danna i samband med at eg deltok på kurs i forskningsveiledning på master og doktorgradsnivå. Eg er rettleiar for to PhD-kandidatar ved Det odontologiske fakultetet i Bergen. Ved dette fakultetet er det ikkje organisert tilbod om å arbeide i skrivegrupper, i motsetnad til fleire institutt ved til dømes HF og SV fakultetet. Deltakarane på gruppa eg initerte, syntes at tilboden burde vere der som ein del av doktorgradsutdanninga. Behovet for denne formaliseringa blei også demonstrert av Samara (2006)<sup>2</sup>, som fant at deltakinga i skrivegrupper gjorde at kandidatane fungerte som ein viktig ressurs for kvarandre. Mange kan ha skrivesperre i starten, og den fyrste artikkelen kan vere tung å skrive, så skrivegrupper kan vere det som skal til for å kome i gang.

Opplegget er for ein stor del basert på heftet ”Skrivegrupper” forfatta av Dysthe og Lied (1999)<sup>3</sup>.og inspirert av kasusstudien til Samara (2006)<sup>2</sup>. Eg starta med å sende ut invitasjon til fem PhD-kandidatar til å delta i skrivegruppa. Fire av fem ville være med, og etterkvart kom det ytterlegare tre personar med i gruppa, slik at det totale gruppetalet blei sju personar.

## **Invitasjon til skrivegruppa**

Invitasjonen eg sende såg slik ut:

*Eg ynskjer å initiere ei skrivegruppe for PhD-kandidatar som tilhører forskingsgruppa ”Biomaterialer”. Ei skrivegruppe høver for dei som skal i gang med skriveprosessen, dei som har gått i stå med skrivinga og ynskjer å komme vidare, eller dei som ynskjer eit responsforum underveis (“det er aldri for sein”). Eg vil fortelje dykk korleis de skal kome i gang og deretter berre observere gruppearbeidet frå sidelinja. Etter nokre møte vil eg laga ein rapport om erfaringane dykkar. De må gjerne forsetje gruppa utan meg dersom de finn skrivegruppa nyttig.*

<sup>1</sup> <http://home.hio.no/~kristihh/skrive/gruppe.htm>

<sup>2</sup> A. Samara (2006). Skrivegrupper som inngang til PhD-studiet. En kasusstudie. *Forskningsveiledning på master- og doktorgradsnivå*. Oslo: Abstrakt forlag.

<sup>3</sup> O. Dysthe og L. I. Lied (1999). *Skrivegrupper*. Bergen: Universitetet i Bergen, Program for Læringsforskning.

*Gruppa er meint å ha mellom fire og sju medlem. De kan byrje å tenke på ein høveleg tekst de ynskjer å dele med gruppa. Teksten bør ikkje være for lang, men mellom 1 og 3 sider med dobbel linjeavstand. Den kan til dømes være introduksjonen i eit manuskript de jobbar med no. I god tid før neste møte kan de sende teksten på e-post til dei andre i gruppa, slik at alle får god tid til å lese og kommentere tekstane.*

*I "På Høyden" blei denne arbeidsforma nyleg presentert<sup>4</sup>, sitat; "På masterstudiet i pedagogikk er det blitt testet ut en treleddet veiledingsmodell med gode resultater. Studentene var helt fra begynnelsen en del av en skrivegruppe sammen med medstudenter. Cirka en gang i måneden møttes de dessuten sammen med to til tre veiledere til gruppeveileding. I tillegg til gruppeveiledingene fikk studentene også individuell veileding, forteller Dysthe. Selv om studentene følte at de brukte mer tid på veileding enn de ville gjort om de kun hadde fått individuell veileding, erfarte de at de sparte tid på lang sikt. Tekstene ble bearbeidet i gruppene først og veilederen fikk dermed en litt annen type oppgave enn tidligere. Dessuten var det verdifullt for studentene å ha flere støttespillere enn hovedveilederen, legger professoren til."*

*Eg håpar dette vil freiste dykk til å delta i ei slik skrivegruppe, der målet er å auke skriveevnene og inspirere til auka skriveaktivitet. Skrivegruppa sin hovudfunksjon er at den skal vere eit forum der deltakarane gjer nytte av kvarandre som responsivarar og inspiratorar.*

Eg gjorde gruppa bevisst fagspesifikk då eg sende ut invitasjonen til utvalde PhD-kandidatar. Eg meinte det kunne være positivt både fagleg og sosialt. Ei på gruppa meinte at: "Fordelen med at alle har odontologisk bakgrunn er at vi "skjønner" mye av det som blir presentert." Kandidatane arbeider ganske spreidd og møtes svært sjeldan. Derfor kunne skrivegruppa også få ein samlande miljøskapande funksjon. Den siste medlemen kom inn i gruppa på det fjerde møtet. Ho var i slutten av skriveprosessen på PhD-oppgåva si, men meinte at deltaking i ei skrivegruppe kunne vere nyttig. I tillegg sakna ho tilhøyre i fagmiljøet.

### Fyrste møte. Gjennomgang av teori

På fyrste møtet gjekk eg i gjennom korleis ei skrivegruppe kan fungere. Eg understreka at skrivegruppa berre er eit supplement til den faglege rettleiarene. Ingen hadde med tekstar på dette møtet. Eg vil no kort oppsummere den arbeidsmåten eg skisserte for gruppa.

Alle har to roller i skrivegruppa, dei er skrivavarar og responsivarar. Skrivaren sine oppgåver er å levere ein tekst på ca. to sider til dei andre i gruppa til avtalt tid. Denne teksten skal fylgjast med eit brev som skal rettleie lesarane gjennom teksten. Brevet skal fortelje kva type tekst det er og kva lesaren skal gje respons på (innhald, form og oppbygging, bruk av teori og metode, argumentasjon, om språk og formulering er bra, etc.).

Eg formidla tidleg at det skal vere ein lav terskel for å levere tekst. Teksten kan vere på ulike stadium. Det kan vere ein tenketekst, der ein berre formulerer tankar og idear. Alternativt ein litt meir bearbeidd tekst, eit fyrste- eller andreutkast, der ein tenkjer meir på innhald, oppbygging og samanheng. Tredje stadium er sisteutkastet som bør vere fokusert og velformulert, med riktig språk.

Når teksten har blitt sendt ut har responsivaren desse oppgåvene når han les teksten: Les alle tekstane grundig. Formuler kva teksten formidlar. Kva er hovudtanke? Noter det som er godt. Kvifor? Marker uklar tekst med krøllstrek. Gi konstruktiv kritikk. Formuler responsen skriftlig.

<sup>4</sup> [http://nyheter.uib.no/?modus=vis\\_nyhet&id=33960](http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=33960)

Responsen kan gjerne følge stikkorda fokus – form – formulering. *Fokus* kan ein finne ved å spørje kva formål skrivaren har med denne teksten. Ved å reformulere hovedpoenget i teksten finn ein ut om det er samsvar med skrivarens intensjon med teksten. Det er nyttig å stille spørsmål til innhaldet. *Form* har sjølv sagt med struktur, oppbygging og disposisjon å gjere. *Formulering* handlar om stil og språkbruk. Er det setningar som er dårlig formulerte eller uklare?

### **Andre møte: Organisering av gruppearbeidet**

Til dette møtet hadde alle med ein tekst som på førehand hadde vorte lest og vurdert av dei andre deltagarane. Eg innleia med dagens agenda, som omhandla korleis arbeidet i skrivegruppa skal organisert. Møtet ville i hovudsak dreie seg om munnleg tilbakemelding på tekster.

Fyrst blei det valt ein gruppeleiari, som skal vera er møteleiar og ordstyrar.

Gruppeleiaren set dagsorden, passar på at alle får like lang tid, minner medlemmene på ”reglane”, sørger for at diskusjonen ikkje utartar og at det blir valt leiar til neste gong. Etter at ordet blei gitt til gruppeleiaren, inntok eg observasjonsrolla.

Arbeidsgangen i gruppene fylgte tre trinn:

Trinn 1. Tilbakemelding frå kvar av lesarane (reponsgivarane). Responsen kan følgje retningslina ”Fokus – Form – Formulering”. Hugs å kommentere teksten og ikkje direkte personen/skrivaren, og gi gjerne minst ein positiv kommentar til noko konkret i teksten.

Skrivaren noterer alle forslag uten å diskutere (berre om ein må oppklare misforståelsar).

Trinn 2. Skrivaren har ordet. Skrivaren vel ut kva han ynskjer å drøfta. Skrivaren kan ta opp innvendingar, forslag, lufte idear og faglege problem.

Trinn 3. Dialog og drøfting av spørsmål etter initiativ frå skrivaren

Ved avslutninga av skrivegruppemøtet skal alle skrive ned ein god ting ved møtet og ein ting som kunne vore betre. Alle les det opp. Gruppa bestemmer eventuelt kven som skal leie neste gong.

### **Kasusstudien**

Den overordna problemstillinga var om deltagarane var nøgde med utbytte av skrivegruppa, dvs. om det hjelpte dei vidare i skriveprosessen og om tilbakemeldingane bidrog til å heve kvaliteten på tekstane. Eg ville også finne ut om deltagarane likte organiseringa av arbeidet, om det var vanskeleg å ta imot og gje respons på tekstane. Datainnsamlinga er basert på observasjon av deltagarane på møtene og ei spørjeundersøking via e-post. Eg hadde tilgang på alle tekstane som blei drøfta. Eit før og etter eksempel av ein tekst vil bli presenterte.

### **Utbytte og motivasjon**

Hovudaktiviteten i gruppa var at kandidatane gav tilbakemelding på tekstane til kvarandre. Erfaringane er basert på 5 møter i skrivegruppa, der kvart møte varte ca. 2 timer og var prega av høg effektivitet.

Gledeleg nok var alle nøgde med utbyttet. Deltagarane tykte at det hjalp dei å kome i gang med skrivinga. Det auka evna til å lese eigne og andres tekstar kritisk. Tilbakemeldinger var stort sett nyttige fordi det gav skrivarane gode idear og hjalp dei vidare i skriveprosessen. Lene<sup>5</sup> syntes det har gitt stort utbytte i det å ta og gi kritikk. ”Jeg har fått et dytt bak med det å sette ord på det praktiske jeg holder på med”. Helge var også veldig nøgd med utbyttet, veldig

<sup>5</sup> Navna er oppdikta for å bevare anonymitet

lærerikt å få andre sitt syn på eigne setningar og tankerekker. Deltakarane syntes dei lærte meir om kvarandres forskning som ein kan få nytte av seinere.

Ivar tykte at denne skrivegruppa fungerte svært bra, men sidan han ikkje hadde kome heilt i gong med skrivinga si enno, så rekna han med at utbyttet blei større etterkvart. Motivasjonen til å skrive vart styrka ved å delta i gruppa, spesielt fordi nokon las tekstane og gav tilbakemelding. Berre det å ha ein deadline for å levere tekst fekk fart på skrivinga. Helge meinte det var kjendes mindre "farleg" å skrive fordi det var lettare å vise teksten til skrivegruppa enn til veiledarane.

## Organisering

Eg gav allereie på fyrste møte ansvaret til møteleiaren om å minne deltakarane på "reglane". Organiseringa fungerte i hovudsak etter planen, men etter ei stund var det ein tendens til at reglane blei fulgt mindre strengt. Spesielt to ting blei ofte hoppa over, skrivaren fekk ikkje alltid introdusert teksten sin og skrivarane hadde vanskeleg for å halde seg i ro under tilbakemeldingane. Nokre av skrivarane hadde ein tendens til å kommentere innspela undervegs for å forsvara teksten sin, og avbraut dermed responsivaren. Dette gjekk imot tilrådinga mi om at skrivaren berre skulle notere kommentarane frå alle responsivarane, for så å kome til ordet til slutt. Mange meinte at det ikkje nødvendigvis var noko gale i dialog undervegs, fordi: "det vart ein god fagleg diskusjon". Så møta blei litt mindre formelle og lausare i snippetten. Det uheldige med dette er at skrivaren kanskje vart mindre open for innspel og forslag.

I fylgje instruksen frå meg skulle skrivaren starte med å introdusere teksten sin. Dette glei etterkvart ut. Responsivaren hadde fått i oppgave å reformulere meiningsa med teksten. Dette blei i liten grad gjort, ein gjekk oftast rett på forslag til endringar i språklege ting i teksten. Veldig ofte kom det spørsmål frå lesaren til skrivaren undervegs i tilbakemeldinga om kvifor det stod slik og slik, eller kva ulike faguttrykk skulle tyde. Skrivaren svara på dette før responsivaren fortsette. Eg hadde også foreslått å ha ei oppsummering i slutten av kvart møte, der alle skreiv ned ein god og evt. därleg ting ved møtet. Det var liten interesse for denne delen av programmet. Grunnen kan kanskje vere det store antallet tekstar ein gjekk gjennom.

Då gruppa var oppe i seks deltakarar, kom det ein forespørsel til meg frå ein PhD-kandidat som svært gjerne ville være med i skrivegruppa. Eg tykte eg måtte spørre gruppa om dei hadde kapasitet til dette. Alle tykte dette var greit, men syntes sju eller åtte måtte vere maksimum for ei slik gruppe. I ettertid viste det seg at avbud av ulike årsaker har haldt gruppetalet nede i fem deltakarar.

Dei fleste syntes eit møte i månaden var passe. Eit par deltakarar meinte det kanskje var møter litt for ofte. Dei meinte at det kunne godt vore møte kvar andre månad, slik at vi har litt meir å bidra med. Det hender det er periodar med lav skriveaktivitet på grunn av datainnsamling og somme har lågare produktivitet då dei har 50% stilling. Deltakarane var generelt godt førebudd til møtet og sidan dei var så mange, var det greit at nokre bidrog mindre enkelte gonger.

## Kunsten å ta imot og å gje respons

Dei fleste syntes ikkje det var vanskeleg å ta imot og å gje respons på tekstane. Sara uttalte at: "Eg synest alle er flinke til å formulere seg slik at det føltes meir som hjelp enn kritikk, men sjølv er eg engsteleg for å verke for kritisk. Det er vanskeleg å formulere forslag til forbedringar utan å virke belærande, synest eg. Dessuten er det vanskeleg å sjå ein tekst for andre gong utan å henge seg opp i de same tingene som sist, dersom dei ikkje er endra eller

forbetra. Det er litt vanskeleg å ta stilling til tilbakemeldingar som er motstridande, men det er greit å øve seg på det i ein slik setting i stadenfor saman med medforfattarar.” Lene meinte at det er vanskeligare å gi kritikk enn å ta i mot kritikken. Mykje av det vi leverer er uferdig og ”utygget”.

Deltakarane var veldig flinke til å gi ros til skrivaren. Alle hadde minst ein positiv ting å sei om teksten, noko som er bra for motivasjonen til skrivaren, men stundom blei tilbakemeldingane for snille og inkjeseiande. Ivar derimot tykte tilbakemeldingane var passe kritisk. ”Det er viktig at vi også gir positive meldingar og ikkje berre fokuserer på det negative, det tykkjer eg vi er flinke til i vår gruppe.”

Sara er nøgd med tilbakemeldingane. Dei stemmer overens med hennar eiga oppfatning: ”Dere sier det jeg håpte dere skulle si” og ”dere hjalp meg å se hvordan teksten kan struktureres bedre”.

## **Språk- og kulturforskjellar i gruppa**

Eit av medlemmene på gruppa var utanlandsk og føretrakk kommunikasjon på engelsk framfor norsk. I utgangspunktet ville eg at møta skulle haldast på norsk, men gruppa valde likevel å ta omsyn til den utanlandske deltakaren. Eg trur at ein klarar å gje meir detaljert og nyansert tilbakemelding på tekst på morsmålet. På ei anna side var alle tekstbidraga på engelsk, og det gav god trening i munnleg engelsk.

Kulturforskjellar kan også spele ei rolle i gruppodynamikken. Eg tykte responsen frå dei skandinaviske deltakane var meir direkte enn frå den ikkje-skandinaviske kandidaten, men datagrunnlaget i denne studien er for lite til å sei om kultur betyr meir enn forskjellen mellom individ.

## **Teksteksempel og respons frå skrivegruppa**

Her er eit eksempel på tekstforbetringar basert på respons frå skrivegruppa. Sidan dei fleste hadde med nye tekstar for kvart møte var det vanskeleg å måle auke i kvalitet for gruppa som heilheit. Eva hadde derimot med ein tekst som blei lagt fram tre gonger, og eg har plukka ut setningar for å vise endringar frå fyrste utkast til siste utkast. No var teksten ganske gjennomarbeid før den blei lagt fram for gruppa fyrste gongen, så endringane blei ikkje så radikale. Dei fleste endringane dreier seg om det språklege.

Evas tekst:

Følgebrev: “The text is the introduction for my first article. I’m still working at it. I am interested to see if it’s understandable, and if the ideas are linked. Please comment also the flow of the text and the language. Best regards, Eva.”

Før: The use of titanium (Ti) in medicine and dentistry, either in its pure form or in alloys, is wide. This is due to its physical, chemical and biological properties, and good biocompatibility

Etter: Titanium (Ti) is widely used in medicine and dentistry, either in its pure form or in alloys, due to the combination of physical, chemical and biological properties.

Før: High level of particle generation was reported from implants made of Ti-alloy than for those of stainless steel or chromium-cobalt in tissues surrounding hip implants (up to 4 g/g of dry tissue) and in synovial fluid. Thus, the questions related to the biological effects of those metal particles, ranging from nano to macro sized, are very actual.

Etter: It is established that Ti-based implants release particles to the surrounding tissue and fluids, as has been demonstrated with hip implants, as well as with miniplates used to repair jaw fractures, and even unloaded dental implants. However, the biological consequences of the degradation products, which can range from ions to nano- and macroparticles sized, remain unclarified.

Før: The most clinical effects as biological responses to Ti implants are implant loosening, and hypersensitivity. Reports about the immunological reactions to Ti, known as Ti hypersensitivity, are mostly presented as case reports.

Etter: Based mostly on case reports, it has been suggested that hypersensitivity to Ti is associated with implant loosening, or skin reactions.

Før: Immunological diagnostic to Ti reactions needs to rely on a combination of patient's history and in vitro tests such as dermal patch test, and Lymphocyte Transformation Test. To date, there are no established tests to detect the potential hypersensitivity to Ti. The reason is that Ti is not readily soluble at physiological pH, as Ni is (salts, or sulphates).

Etter: Diagnosis of contact allergy to metals usually relies on combination of anamnestic information and in vivo tests such as a epicutaneous patch test, and – in some instances – ex vivo tests such as a Lymphocyte Stimulation Test (LST) on cells from blood samples. Hypersensitivity tests have not been established for Ti and Ti is not included in routine patch test series. The ex vivo test, LST, requires cell culture techniques and soluble Ti at physiological culture conditions. The difficulty with Ti is that this metal is not readily soluble at physiological pH, as nickel salts are.

Før: The aim of the study is to develop different Ti chemical compounds in vitro, in range of nanoparticles, ions and complexes, capable to induce in vitro cellular responses that can predict patient hypersensitivity.

Etter: The aim of the present study was to develop different types of Ti-protein compounds based on titanium dioxide nanoparticles and Ti-ions that can be used for testing cellular responses.

Tilbakemeldingane Eva fekk på denne teksten var stort sett positive. Førsteinntykket frå gruppa var: "Me ser at du har jobba mykje med denne teksten". Nokre innvendingar var det likevel, og dei er oppsummert under:

*Fokus:* "Du må få fram tydlegare kvifor artikkelen fokuserer på hypersensitivitet mot titan, når det er eit lite klinisk problem, og titan er kjent som svært biokompatibelt". "Få fram fordelen med å utvikle ein ny test for hypersensitivitet".

*Form:* "Bra med kort introduksjon". "Avsnitta bør omtale berre eit emne".

*Formulering:* "Nokre setningar er litt tunge". Bruk av forkortinger, Ti eller "titanium?

Manuskriptet er no til vurdering i eit internasjonalt tidsskrift.

## **Oppsummering**

Gruppa meinte at det passar å diskutere alle slags vitskapelege tekstar, både samandrag, delar av artikkelmanuskript, postertekstar osv. Introduksjonstekstar og diskusjonar er nok lettare å diskutera enn andre tekstar. Nokre kunne tenkje seg å gjera noko tilsvarande med muntlege presentasjonar også.

Deltakarane tykte det var nyttig å få ein uavhengig mening og innspel frå forskarar med andre bakgrunnar. Det er også betryggande å snakka med nokon før ein syner teksten til rettleiar. Av konkrete lærdomar blei det sagt at skrivegruppearbeidet lærte ein til betre å strukturere teksten. Andre utsagn:

- "Eg har blitt mindre redd for å skrive noko feil."

- "I learned that it's good to share a text and see what it is understood, what can be improved, where and how can be improved."

- "Eg har lært betre å skrive så alle kan forstå det (håpar eg), å være konsekvent i bruk av begrep og terminologi."

- "Eg har lært at det er viktig å la andre få lese tekstane med jamne mellomrom, slik at vi får litt andre innsynsvinklar enn berre min eigen og rettleiarane sin."

- "Eg har blitt betre til kritisk skriving/lesing. Eg arbeider etter mottoet: KISS - keep it simple and small."

Av og til hendte det at deltakarar ikkje leverte tekst til møtet. Grunngjevinga var ofte at dei ikkje hadde hatt tid å forberede ein tekst til gruppa. Alle tekstane som blei lagt fram for gruppa var ofte svært gjennomarbeid, slik at det truleg blei sett ein litt for høg standard. Eg råda derfor gruppa fleire gonger til å senke terskelen for å levele tekst.

## **Avslutning**

Etter fem møter i løpet av 4 månader kunne alle tenkje seg å delta i gruppa vidare, og gjerne heilt fram til disputas. Arbeidet har resultert i ein innsendt artikkel og tre ferdige postertekstar. Rettleiarane tykte også dette var eit bra tiltak. Sjølv om ein også må bruke tid på andre sine tekstar, var det liten tvil om at skrivegruppearbeidet er verdt tida. Ved å gi respons til andre, blir ein medveten på eiga skriving og får nyttig rettleiarerfaring.

I ei løypemelding for forskarutdanninga ved Det odontologiske fakultet våren 2007 blei det rapportert stor forskjell på kandidatane når det gjeld i kva grad skriving inngår som ein dagleg del av arbeidet. Skrivegruppa blant PhD-kandidatane i forskargruppa Biomaterialer blei dradd fram av fleire som eit positivt element i denne samanhengen.